

Fotballungdommar på sonesamling

22.03.2009



Katrine Y. Røssland(f.v.), Bjørn Martin Haugland,Hans Fredrik Zimmer og Kari Bråtun i porten til ballbingen i Korsneset, - kanskje det viktigaste rekrutteringsanlegget for fotball i bygda.

Fire fotballspelarar frå Uskedalen deltar for tida på sonesamlingar i kretsregi. Det er 5 samlingskveldar, og dei føregår på på tirsdagar og fredagar på kunstgrasbanen i Rosendal. Uskedelingane som er med er Kari Bråtun, Katrine Y. Røssland, Hans Fredrik Zimmer og Bjørn Martin Haugland.

Dei 4 uskedelingane, som alle starta med fotballsparkning i ballbingen i Korsneset, fortel at det er til saman 24 gutter og 8 jenter på samlinga. Deltakarane kjem frå Kvinnherad og Odda.

- Både gutane og jentene frå Uskedalen har i år felleslag med Rosendal, fortel dei fire vidare, og på spørsmål svarar dei at til saman 6 jenter og 7 gutter frå Rosendal/Uskedal er med på samlingane.

Sonesamlinga er eit første steg på vegen, og dei fortel at 4 gutter og 4 jenter vert tekne ut til å vera med vidare på regionssamling. – Etter det kan vi kanskje koma vidare til kretslag og landslag, fortel ein av dei ivrig. – Vi skal og få eigen keepertrening, men det er ikkje kome i gang enno, fortel Katrine som spelar keeper på sitt lag.

Dei fortel vidare at det er Eivind Nissegård og Bjarte Solheim, begge frå Trio, som leiar treningssamlingane,

Vi ønskjer dei fire fotballungdommene lukke til med samlingane og den komande fotballssesongen.



Dei fire framfor målet der dei scora sine første mål. Etter det har dei vore ivrige brukarar av ballbingen.